



Til alle medlemskommunane i NOKU Hordaland

ÅRETS KULTURKOMMUNE 2017

Årets kulturkommune i Hordaland 2017 skal kårast.

Medlemskommunane vert oppmoda til å søkje om å bli årets kulturkommune i Hordaland 2017. Vinnaren frå fylkeskåringa går vidare som nominert kandidat til Norges kulturkommune. Dette er ei tildeling som skjer anna kvart år, og er ei markering av ein kommune som har markert seg innan kulturfeltet.

Ein god kulturkommune skal ha eit godt og breitt kulturtilbod til alle i kommunen. Det legges vekt på kva kommunen har nådd gjennom god planlegging og medverknad.

Det vert lagt vekt på kommunen sitt generelle arbeid med tilrettelegging av gode ordningar i det daglege kulturarbeidet. Det handlar om langsiktig arbeid, overordna tenking og god politisk forankring i tråd med kulturlova sine intensjonar. Det handlar om godt samarbeid på tvers av offentleg, frivillig og privat sektor der dialog, positive haldningar og løysningsorienterte tilnærmingar står sentralt. For 2017 vil kommunane sitt arbeid med kultur relatert til integrering og folkehelse bli tillagt vekt.

I vurderinga har vi lang tradisjon for å sjå forbi innbyggartal, organisering og økonomi og vektlegge kommunene sin vilje til satsing og samarbeid, gode løysningar, langsiktigkeit og heilskapleg tilnærming. Erfaring viser at godt lokalt kulturarbeid er mangfaldig.

Juryen som skal peke ut Hordaland fylkes kulturkommune for 2015 er:

- Per Morten Ekerhovd, direktør for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune
- Pål Kårø, Fylkesvaraordførar
- Gunnhild Utkvitne, Leiar NOKU Hordaland

Sjå meir på: http://www.noku.no/norges_kulturkommune/

Frist for å söke om å bli årets kulturkommune i Hordaland 2017 er satt til 1. desember.
Send søknad til hanne.espe@hfk.no

Beste helsing,

Gunhild Utkvitne
Leiar NOKU Hordaland